

NVE
Postboks 5091
Majorstuen
0301 Oslo

Uttale ang. høyring av søknad om konsesjon og ekspropriasjon, Aura Kraftverk 2 og Holbu pumpe.
Saksnr. 202511633

Mitt namn er Dag Ringstad, busett i Eresfjord, Molde kommune. Eg er pensjonist, men har arbeidd som fjelloppsyn for Eresfjord og Vistdal Fjellstyre i godt over 20 år.

For reinen i Snøhetta var Aurautbygginga ei katastrofe. Snøhettafeltet vart delt i to delområde, Snøhetta aust og Snøhetta vest. Med dette vart trekkrutene mellom kalving- og vårbeita i vest, og vinterbeita i aust, stengde. Resultatet er at reinen i Snøhetta er sterkt trua. Ei rekkje rapporter kan stadfeste dette.

Statkraft Energi AS kan rette opp noko av dei «gamle syndene» ved å reetablere reinstrekket mellom Osvatnet og Holbuvatnet (Øystein Mølmen. Rapport «Villreinen i Snøhettafeltet». Direktoratet for Vilt- og Ferskvannsfisk - Viltseksjonen, 1978). Dette ved å fjerne alle tekniske installasjonar i området og bruke deponimasse til å flate ut området mellom vatna slik at reinen kan passere. Området må revegeterast. Aursjøvegen må passere i ein tunell slik at alle biltrafikk og mesteparten av menneskeleg ferdsel vert fjerna.

- Aursjøvegen vert sikrare, betre HMS for ansatte i Statkraft og Statnett.
- Unngår den stygge fyllinga av deponimasse som er planlagd i Holbuvatnet.
- Mindre forureining av Holbuvatnet.
- Ubegrensa med plass til deponimasse, unngår andre stygge deponi.
- Over tid kan ein reetablere ei trekkroute for rein mellom Snøhetta aust og vest.

Syner til vedlagde Power Point med foto og kart over området.

Eresfjord, 5.1.2026

Dag Ringstad
Syltebøvegen 78
6470 Eresfjord

E-post: fagersletta@gmail.com